

Olav Jensen til minne

Av Bjørn Austigard

Meldinga om at Olav Jensen døydde den 24. juli 2002, kom brått på oss alle. Sjølv om han var i sitt åttiande år, var han aktiv og hadde dagane fulle med ting han ville gjere. Ein god støttespelar er bort. Saknet er sjølvstørst i hans næraste familie.

Olav Jensen var fødd 5. februar 1923 i Sjølvika på Otrøya. Der voks han opp i ein søskenflokk på sju. Han gifta seg med Ellen Heggdal, og dei fekk heimen sin på Nord-Heggdal.

Liksom så mange andre ungdommar i denne tida, fekk Olav fiske som leveveg.

Då eg vart kjend med han, hadde han fiskebåt saman med to andre, og han var bestmann ombord. Fiskarlivet gav ikkje høve til mykje fritid, men han hadde sterke lokalhistoriske interesser, og når han var på land, prøvde han å delta på møte og samkomer. Då kommunestyret valde ei sogenevnd for Midsund kommune i 1977, vart Olav Jensen formann. I denne nemnda sat han i meir enn 20 år. Han var ein pådrivar for at nemnda skulle gje ut eigne publikasjonar, og han opplevde at det kom fem i talet: «Skikkar og levesett frå eldre tider i Midsund» (1980) og fire



nummer av «Lokalhistorie for Midsund» (1984, 1988, 1995 og 2000). Han var oppteken av munnleg tradisjon, og det meste av det han sjølv skreiv, hadde rot i noko som var fortalt. Når Sogelaget sende ut spørsmål til medlemmene, var han av dei som svara. På den måten vart Midsund kommune med i det kulturhistoriske bildet.

Olav Jensen sat som varamann i styret for Romsdal sogelag frå 1980 til 1990, og i 1991 rykte han opp til styremedlem. Han gledde seg til å vere aktivt med, men så vart kona sjuk og døydde, og han bad seg friteken frå styreombodet etter berre tre år. Etter nokre tunge år, kom interessa for lokalhistorisk arbeid attende, og både i 1998 og 2000 leverte han bidrag til årsskriftet. Han var stillfarande av natur, derfor var det ekstra viktig å lytte når han hadde noko å fortelje. Vi lyser fred over minnet hans.

Bjørn Austigard

Artiklar i «Lokalhistorie frå Midsund»:

- 1984: Bjørnesoger frå Otrøya
 Jakthyttå i Sølvtka
 Med Håkon Herdebreid til Midsund
 Frå folkemedisinen
- 1988: Kyrkjereis
 Dua i Resbjøra
- 1995: Mangt å minnast
 Skysskar i tysk fangenskap
- 2000: Krigsminner fra Magerøya
 Jakthistorier

Artiklar i Romsdal sogelags årsskrift

- 1998: Gammalt frå Tautra og Heggdal, s. 199-202
- 2000: Huldresteinen på Otrøya, s. 277-278